



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3913 - 16/16232

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
15.06.2016

## Oversending av vedtak til endeleg klagebehandling - gbnr 12/47 Veland

Eigedom: 12/47  
Adresse: Veland 7  
Eigar: Ivan Myhr og Maren Beate Klokkeide

Saka gjeldt søknad om oppføring av garasje med bygd areal (BYA) ca. 60 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 39 % BYA. Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, støttemurar, samt opparbeiding av avkjørsle, interne vegar og parkering. Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål.

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel punkt 1.1.

Eigedommen er allereie bebygd med garasje og uthus, men søkar har opplyst at desse bygga tilhøyrer gbnr. 12/38. Søker har opplyst om at «det er svært uryddige grenselinjer i området, noe som nå også vil bli forsøkt endret.» Det er ikkje søkt om justering av grenselinjer i innsendt søknad.

Det vart gjeve avslag på søknaden i vedtak i Plan- og miljøutvalet den 16.03.2016.

Ansvarleg søkjar har sendt inn klage på avslaget i brev motteke 22.april 2016.

Klagen er sendt inn etter at klagefristen på 3 veker er gått ut. Klagar har vist til personlege forhold hjå tiltakshavar som førte til at klagen ikkje vart sett fram innan fristen. Administrasjonen meiner det er forhold i denne saka som gjer at parten ikkje kan lastast for å ha oversitta fristen, og at endring av vedtaket i denne saka ikkje vil føre til skade eller ulempe for andre, jf. forvaltningslova § 31. Administrasjonen si vurdering er at det er grunnlag for å gje oppreising for oversitta klagefrist og realitetshandsame klagen.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 25.05..2016, der Lindås kommune sitt vedtak datert 16.03.2016 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Sakspapir utan vedlegg er vedlagt. Resten av saka er tilgjengelg på Lindås kommune sitt e-innsyn:  
[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2015003913&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015003913&)

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Sylta på e-post [siril.sylta@lindas.kommune.no](mailto:siril.sylta@lindas.kommune.no) eller på telefon 56 37 51 62.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om oppføring av garasje - gbnr 12/47 Veland

**Kopi til:**

H. Sandvik AS  
Ivan Myhr

Galteråsen 4  
Veland 7

5916  
5993

ISDALSTØ  
OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen